

Lesarbrev: Kvifor vart alternativa aldri vurderte?

Bømlo-nytt 2. mars 2026

Eg har følgd saka om Foldrøy skule tett, og to artiklar i Bømlo-nytt får meg til å setje nokre brikker saman som eg meiner fortener offentleg merksemd.

Lesarbrevet frå Foldrøy Grendautval dokumenterer det mange av oss frykta, og som me sa tydeleg ifrå om i høyringsrunden. 75 prosent av foreldra svarte på undersøkinga. Trivsel ned 25 prosent, opplevd kvalitet ned 20 prosent, fleire negative hendingar, og lærarkompetanse som forsvann – akkurat slik me åtvara om. Og ikkje eit ord frå kommunedirektørar eller folkevalde etterpå. Det er vanskeleg lesing.

Men det som verkeleg held meg vaken om natta, er noko anna.

I kommunestyremøtet der vedtaket om å legge ned Foldrøy skule vart fatta, var det kjent og nemnt at Svortland skule ville miste 70-80 elevar i 2025/2026. Dette var altså ikkje ein overraskande konsekvens som dukka opp i etterkant – det var ein del av det faktiske biletet då vedtaket vart gjort. Svortland trong elevar. Foldrøy hadde elevar. Og løysinga vart å legge ned ein skule i vekst og flytte barna til Svortland.

Men her er spørsmåla eg aldri har fått svar på: Kvifor vart alternativa aldri vurderte?

For det fanst minst to openberre alternativ som aldri dukka opp i skulebruksplanen – ikkje ein einaste gong.

Det første: Å nedbemanne Svortland skule midlertidig, i takt med elevtalet, og heller avvente utviklinga. Demografiske svingningar er ikkje uvanleg, og ein skule som mister elevar i ein periode treng ikkje nødvendigvis løysast med å legge ned ein annan skule. Ein kunne ha tilpassa bemanninga ved Svortland til det faktiske elevtalet, og heller flytta noko personale til Foldrøy – som altså var i vekst og hadde bruk for det.

Det andre: Å justere skulekrinsen mellom Meling og Svortland. I februar 2024 – berre nokre månader før vedtaket – stod det ein artikkel i Bømlo-nytt om at Meling skule var for liten. Skulen var stappfull. FAU og tilsette var bekymra for læringsmiljøet. Dårleg luft, tronge klasserom, elevar som måtte dele garderobeplassar. Kommunen var fullt klar over dette – det hadde vore drøfta i fleire SU/SMU-møter. Og Svortland skule ligg berre 2 km frå Meling.

Den openberre løysinga hadde vore å justere skulegrensa – flytte nokre elevar frå den overfylte Melingsskulen til den tome Svortlandsskulen. Det hadde løyst to problem på ein gong: Svortland hadde fått elevar, og Meling hadde fått sårt tiltrengt avlastning. Alt utan å øydeleggje eit lokalsamfunn, utan å flytte born frå ein nærskule i vekst, og utan alle dei menneskelege konsekvensane me no ser dokumentert i svart og kvitt.

Ingen av desse alternativa vart utgreidde, nemnde eller avviste med grunngjeving – dei eksisterte rett og slett ikkje i den politiske prosessen. Og dette til tross for at kommunen

hadde full kjennskap til situasjonen ved både Meling og Svortland. Dei hadde alle brikkene på bordet. Og likevel enda dei opp med ei løysing som ramma Foldrøy hardt – eit lokalsamfunn og ein skule som faktisk var i vekst, langsamt.

Kvifor?

No kjem Montessoriskulen-saka til kommunestyret. Og eg trur mange allereie veit kva utfallet blir. For viss Montessoriskulen får godkjenning og tek 50-70 elevar, mistar Svortland desse igjen. Og då sit kommunepolitikarane med eit svært ubehageleg spørsmål i fanget: Kva var eigentleg den reelle grunnen til at Foldrøy skule måtte leggjast ned?

For hadde ein nedbemanna Svortland midlertidig, eller justert grensene mot Meling, hadde Foldrøy-elevane aldri vore ein del av reknestykket. Foldrøy skule hadde framleis stått. Og lokalsamfunnet hadde fått halde fram si positive utvikling.

Dette bringer meg til noko eg finn prinsipielt svært bekymringsverdig. Retten til å velje utdanning for barna sine i tråd med eiga filosofisk overtøying er ikkje berre ein norsk rettighet – han er forankra i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK protokoll 1, artikkel 2) og FN's konvensjonar om sivile og politiske rettar. Noreg er folkerettsleg forplikta til å respektere denne retten. Formålet med privatskolelova er nettopp å gi foreldre og elevar reell moglegheit til å velje eit alternativ til den offentlege skulen.

Og likevel er denne retten i praksis gjort avhengig av kommunalpolitisk goodwill – frå dei same politikarane som la ned skulen i utgangspunktet. Det er eit paradoks som burde uroa langt fleire enn dei som bur på Foldrøy. For når eit lokalsamfunn sjølv reiser seg, samlar ressursar og prøver å etablere eit pedagogisk alternativ for barna sine, bør svaret frå det offentlege vere ei reell og uavhengig vurdering – ikkje ei ny runde med dei same aktørane som skapte problemet.

Privatskolelova seier sjølv at godkjenning kan avslåast dersom etableringa vil få negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Men ein må då spørje: Er det rimeleg at eit lokalsamfunn som fekk skulen sin teken frå seg, no skal nektast retten til eit alternativ – fordi kommunen treng dei same elevane for å fylle opp den skulen dei vart tvangsflytta til?

Men eg må løfte blikket endå litt meir. For Foldrøy er ikkje eit einskildtilfelle. Det er del av eit mønster som burde uroa alle som bryr seg om framtida til Bømlo som ein kommune med levande lokalsamfunn.

Mosterhamn skule har stått på planen. Langevåg skule likeså. No varslar Torunn Laurhammer flytting av elevar frå Stautland til Gilje. Skulane i dei mindre bygdene og på øyane forsvinn ein etter ein, medan sentralisering til nokre få større skular ser ut til å vere det einaste svaret kommunen har på demografiske utfordringar.

Eg må berre stille spørsmålet rett ut: Kva er eigentleg framtidsbilete til Bømlo kommune? Er visjonen at born frå Foldrøy, Mosterhamn, Langevåg, Stautland og andre stader skal busstast rundt i kommunen kvar einaste dag – i årevis – fordi nærskulen deira vart lagt ned? Er det god livskvalitet? Er det ein attraktiv kommune for barnefamiliar som vurderer å flytte hit – eller bli verande?

Ein nærskule er sjeldan berre ein skule. Det er møteplassen i bygda, limet i lokalsamfunnet, og eit signal til barnefamiliar om at her er det framtid. Når skulen forsvinn, forsvinn ofte resten etter kvart. Det veit alle som har sett det skje. Og Foldrøyundersøkinga viser oss no svart på kvitt at det ikkje er likegyldig for barna heller – trivsel ned 25 prosent, kvalitet ned 20 prosent. Dette er ikkje abstrakte tal. Dette er born sin kvardag.

Viss Bømlo kommune har ein plan for korleis levande lokalsamfunn utanfor Svortland skal haldast i live – så er det på høg tid at den planen vert lagt fram og diskutert ope. For det er ingen som har sett han enno.

Eg håpar Kunnskapsdepartementet ser denne samanhengen når dei les klagesaka og vurderer den nye søknaden frå Montessoriskulen: Vart alle alternativ reelt vurderte – eller vart konklusjonen bestemt på førehand, og utgreiinga tilpassa deretter? Og kvifor vart så openberre alternativ som grensejustering mot Meling og midlertidig nedbemanning aldri ein gong nemnt?

Det er på tide at nokon svarar.

Michael Conrad

Lesarbrev: Erfaringar frå overgangen til Svortland skule

Bømlo-nytt - 21. februar 2026

I desember i fjor heldt grendalaget på Foldrøy ei anonym spørjeundersøking blant foreldra på Foldrøy. Totalt 22 foreldre svara på undersøkinga på vegne av 30 born. Dette utgjer 75 prosent av alle borna som er flytta frå Foldrøy skule til Svortland skule.

Oppsummert ser me at

Om lag 40 prosent køyrer borna med bil kvar dag. Om lag 30 prosent køyrer borna av og til, medan berre 30 prosent nyttar buss kvar dag.

Kvaliteten på Svortland skule er opplevd som 20 prosent lågare enn på Foldrøy skule. Når ein ser på datamaterialet, er det tungt i toppen for Foldrøy skule, der om lag 60 prosent av foreldra gir toppkarakter, medan på Svortland skule ligg svara meir rundt midten, der berre 20 prosent gir toppkarakter.

I gjennomsnitt trivst borna om lag 25 prosent dårlegare på Svortland skule enn dei gjorde på Foldrøy skule. Også her ser me at fordelinga er tung i toppen for Foldrøy skule, der om

lag 50 prosent av foreldra gir toppkarakter på trivsel, medan berre 10 prosent gir toppkarakter for trivsel på Svortland skule.

Negative hendingar på Svortland skule var allereie 10 prosent fleire enn dei var på Foldrøy skule.

Svortland skule har vore flinke til å løyse problema som har oppstått, men om lag ein tredjedel fleire av dei som har opplevd problem, opplever at problema ikkje vert løyste tilfredsstillande på Svortland skule samanlikna med Foldrøy skule.

Konklusjon

Me kan konkludere med at det vert meir forureining når ein flyttar born frå nærskule til sentrumsskule, og at foreldre ikkje er komfortable med å setje små born på buss.

Vidare er det utan tvil til barnet sitt beste å halde dei på nærskulen når den fungerer så godt som den gjorde på Foldrøy.

Ser grunn til bekymring

Det uroar oss i styret at så mange har opplevd negative episodar på Svortland skule etter så kort tid. Samstundes tryggar det oss at skulen tydeleg har fokus på å handtere desse episodane raskt, og at det store fleirtalet av sakene er løyste tilfredsstillande.

Likevel er det fleire som no opplever at negative hendingar ikkje vert løyste tilfredsstillande enn det dei opplevde på Foldrøy skule.

Oppmoding til kommuneadministrasjonen

Me vart lova tett oppfølging under flyttinga til ny skule, men me har ikkje høyrte eit ord frå verken kommunedirektørar eller dei folkevalde som la ned skulen vår.

Spørreundersøkinga kunne og kommunen ha gjennomført på eige initiativ om dei hadde ønska å vise ei meir menneskelege side i etterkant av eit kaldt økonomisk vedtak.

Videre forventer me at våre erfaringar vil vege tungt når kommunen arbeidar vidare med skulebruksplanen. I sær når våre erfaringar stadfestar dei bekymringane me løfta i vårt tidlegare innspel til skulebruksplanen: At barnet sitt beste var ei reell bekymring, og at me risikerte å miste lærarkompetanse – noko som òg skjedde.

Oppmoding til våre folkevalde

Me vil med dette óg koma med ei tydeleg og ærleg oppmoding til dykk som sit med det politiske ansvaret.

Når dykk tek avgjerder om skulestruktur, så handlar det nemleg ikkje berre om budsjettlinjer og tal i eit rekneark. Sterke og trygge oppvekstmiljø, der borna vert sette og ivaretekne, er avgjerande både for trivsel, læring og førebygging av psykiske helseutfordringar seinare i livet.

Erfaringane etter flyttinga frå Foldrøy viser at konsekvensane vert større og meir samansette enn det som kjem fram i økonomiske overslag.

Me ber dykk difor ta erfaringane frå Foldrøy på alvor i vidare skulestruktutarbeid, samt sikre tettare og forpliktande oppfølging av foreldre og born når borna vert flytta frå ein kjend nærskule til ei ukjend større eining lengre vekk.

Det er nemleg spesielt i overgangane at flest elevar fell utanfor, skal me tru forskninga.

Styret, Foldrøy Grendautval